

---

Saknr: 2020/1929-12  
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

---

**Saksgang**

| Utval                 | Utv.saknr. | Møtedato   |
|-----------------------|------------|------------|
| Vestland ungdomsutval |            | 06.03.2020 |

**Ansvarsfordeling - val av leiarar for dei fire satsingsområda**

Forslag til vedtak

Vestland ungdomsutval vel fylgjande leiarar for dei fire satsingsområda:

Kultur, idrett og integrering:

Opplæring og kompetanse:

Samferdsel og mobilitet:

Næring, naturressursar og innovasjon:

I tillegg skal det veljast leiar til arbeidsgruppa «Eigen organisasjon»:

**Samandrag**

Vestland ungdomsutval (VU) har i eit tidlegare møte laga ein arbeidsstruktur for korleis VU skal vera organisert og korleis VU skal arbeide i denne valperioden. Organiseringa er vald på bakgrunn av slik dei fire politiske utvala i Vestland fylkeskommune er organisert. Eitt av medlemane på kvart satsingsområde skal vera leiar for sitt område. I tillegg er det også eit område som gjeld «Eigen organisasjon». Ved konstituering av VU 29.11.2019 vart det ikkje valt leiarar, så difor vert det no fremja ei sak som gjeld oppnemning av leiarar for desse utvalsområda.

Bertil Søfteland  
seksjonssjef

Dagmar Reutz Hillestad  
utvalssekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland ungdomsutval (VU) vart vald på Fylkestinget For Ungdom (FFU) 3. november 2019. Det nye VU måtte såleis konstituere seg i første møte 29. november 2019. I same møte vart det også gjort vedtak om ansvarsfordeling og avgjort korleis VU skal vera organisert og arbeide denne valperioden.

Med bakgrunn i erfaringa frå tidlegare ungdomsutval både i Sogn og Fjordane og Hordaland, har ein valt å fylgje den politiske organiseringa til fylkeskommunen.

Vestland ungdomsutval består av ni faste medlemar og sju varamedlemar. Dei tre første varamedlemane er fast møtande, så til saman vil det vera 12 som møter fast til kvart møte i VU. Dette er også i samsvar med vedtektene til VU.

Dei faste medlemane og dei fast møtande varamedlemane vil såleis vera ansvarleg for eit satsingsområde kvar. VU sitt arbeidsområde vil - i tillegg til å følgje opp det vedtekne plandokumentet frå FFU 03.11.19 - vera å følgje opp aktuelle saker, planar og elles førespurnader innafør sitt saksområde. Det er såleis viktig at ein no får valt leiarar for desse satsingsområda.

Vedtakskompetanse

Vestland ungdomsutval vel sjølv sine leiarar innafør satsingsområda for VU.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** ikkje relevant

**Klima:** ikkje relevant

**Folkehelse:** ikkje relevant

**Regional planstrategi:** ikkje relevant

Konklusjon

Vestland ungdomsutval vil med bakgrunn i plandokumentet vedteke på Fylkestinget For Ungdom (FFU) 03.11.2019, og vedtak om ansvarsfordelinga ved konstituering av Vestland ungdomsutval (VU) 29.11.2019, oppnemna leiarar for satsingsområda.